



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 22.02.2018
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Andreas Westermoen, Brigtt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad.

Meldt forfall:

Regine Sagstad Berg, Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Andreas Westermoen, Brigtt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad.

Andre:

Representantar frå kyrkjeutvalet og staben var til stades under orientering og samtale i sak 02/18. Saka vart handsama først i møtet. Kyrkjeverje Anne Sofie N. Uthaug var tilstades under heile møtet.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 14.12.18 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000002 Meland kyrkjelyd og "me too".

Meland kyrkjelyd har ein beredskapsplan ved mistanke og eller anklage om overgrep og har vedteke retningslinjer for bruken av denne mtp frivillige.

Sak 000003 Praksisstudent Ole Kristian Hamre

Har teneste som prest i Meland kyrkjelyd i perioden 20.02-25.03.18

Sak 000004 Kyrkjegardsutviding - vedtak i kommunestyret

Det vart gjort vedtak om kva område som skal utbyggast 14.02.17 i Meland kommunestyre

Sak 000005 Mål for samanslåing Alver kyrkjelege fellesråd

Fellesnemnda skal arbeide med mål for prosessen og resultatet av samanslåing til eitt nytt fellesråd i møtet 21.mars. Det er bra om Meland sokneråd har innspel til dette. Døme på spørsmål til samtale: Korleis kan vi ta vare på det som er bra no? Korleis kan samanslåinga gjere oss betre - kva må til? Kva er viktig for Meland kyrkjelyd og folket i Meland?

Notat frå samtale i staben om temaet vert sendt til soknerådet til vidare innspel før fellesnemnda si handsaming.

Sak 001/18 Årsrekneskap 2017

Forslag til vedtak:

Meirforbruk på funksjon 043 Kyrkjegard på kr 61955 skal belastast kyrkjegardsfondet. Rekneskapsmessig overskot på kr 393 985 skal avsetjast på disposisjonsfondet.

Møtebehandling:



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Framleggsteksten vart endra.

Vedtak:

Totalt meirforbruk er kr 393 985,-. Meirforbruk på funksjon 043 Kyrkjegard på kr 61955 skal belastast kyrkjegardsfondet. Rekneskapsmessig mindreforbruk på resterende funksjonar kr 455 940 skal avsetjast på disposisjonsfondet. Med dette vert årsrekneskapen 2017 godkjent.

Samrøysta vedtak

Sak 002/18 Kyrkje på Frekhaug - status og vidare arbeid

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Det vart orientert om status i saka og arbeidet framover. Noverande kyrkjeutval vart takka for innsatsen.

Framlegg til vedtak i møtet:

AU får fullmakt til å sette ned eit forhandlingsutval for å utarbeide avtale om bygging og finansiering av ny kyrkje på Frekhaug.

Vedtak:

AU får fullmakt til å sette ned eit forhandlingsutval for å utarbeide avtale om bygging og finansiering av ny kyrkje på Frekhaug.

Samrøysta vedtak

Sak 003/18 Godkjenning av årsmelding 2017

Forslag til vedtak:

Årsmelding for 2017 vert godkjent som ho ligg føre.

Møtebehandling:

Framlegg til vedtak i møtet: Årsmelding for 2017 vert godkjent med redaksjonelle endringar.

Vedtak:

Årsmelding for 2017 vert godkjent med redaksjonelle endringar.

Samrøysta vedtak.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Anne Sofie N. Uthaug

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje